



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 003/08	Skule- og kulturutval	29.01.2008

Ref: 08/28 -2 Ark. B00
Sakshandsamar: Arne P Sunde

Høyring – forslag til endringar i Opplæringslova.

Presentasjon:

På bakgrunn av dom i Den europeiske menneskerettsdomstolen mot KRL – faget kjem Kunnskapsdepartementet med framlegg om endringar av lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova – OPL).

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

OPL, av 17. juli 1998 nr. 61
Kunnskapsdep.: Høyring – forslag til endringar i OPL dat. 05.12.07

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsnotat om forslag til endringar i Opplæringslova.

Ikkje vedlagt:

- Opplæringslova, aktuelle §§.

Saksopplysningar:

På bakgrunn av fråsegn frå Menneskerettskomiteen i FN 3. november 2004 som retta kritikk mot fritaksordninga og påstått religionsutøving i KRL – faget, slik dette låg føre i 1997, vart føresegnene for faget endra ved vedtak i Stortinget (Innst. O nr. 104 04/05), og i læreplanvedtak fastsett av departementet 15.08.05.

Desse endringane vart følgd opp gjennom informasjon og kursing i skuleverket. Det vart lagt premissar for både den faglege gjennomføringa, undervisninga, tilrettelegging av informasjon og praktisering av fritaksreglane.

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har i dom av 29. juni 2007 fastslått at KRL-faget i grunnskulen i Noreg krenka Den europeiske menneskerettekonvensjonen (EMK). Domstolen har vurdert faget slik det var fastsett i læreplanen av 1997 og det rettslege rammeverket rundt faget slik det då kom fram i føreseigna om formålet for grunnskuleopplæringa og føresega om faget og fritaksordninga, jf OPL § 1-2 og OPL § 2 – 4. Noreg som stat er bunden av konvensjonen og dommen, og denne går framfor føreseigna i anna norsk lovgiving. KRL – faget må difor endrast slik at det er i samsvar med menneskerettane.

EMD har også vurdert fritaksreglane for KRL-faget. Desse reglane vart endra på bakgrunn av fråsegna frå Menneskerettskomiteen i FN ved handsaminga i 2005. Desse endringane kjem i hovudsak i møte med den kritikken som går fram av dommen i EMD. Ein av dei viktigaste endringane var at dei føresette ikkje lenger skulle søkje om fritak, men melde frå om dette. Kravet for grunngjeving fall også bort.

Vurdering:

Departementet sin framlegg til endringar:

Fritak:

§ 2 – 3 a: Fritak frå aktivitetar med meir i opplæringa.

Dep. sitt framlegg til endring gjeld nest siste avsnitt i paragrafen:

Skoleeigar skal årleg informere foreldre til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Det som står i kursiv/understreka er tilføya til gjeldande reglar.

Undervisninga i faget:

§ 2 – 4: Undervisninga i faget religion, livssyn og etikk.

Gjeldande tekst: I dag heiter det i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap..

Vidare innhald i paragrafen:

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skulefag som normalt skal samle alle elevar.

Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i religion, livssyn og etikk skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Den som skal undervise i religion, livssyn og etikk, skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Gjeldande tekst: Formulering av siste avsnitt i dag:

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart.

Innhald og vurdering:

§ 2 – 3: Innhald og vurdering i grunnskuleopplæringa.

Endring i 1. avsnitt, 1. linje:

Grunnskuleopplæringa skal omfatte religion, livssyn og etikk, norsk, matematikk osv.

Gjeldande tekst i dag er: kristendoms-, religions- og livssynskunnskap.

Skule- og kultursjefen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for utvalet utan tilråding til vedtak.

Handsaming i Skule- og kulturutval 29.01.2008.

- :Framlegg frå repr. Jon Olav Kvamme (Krf):

Skule- og kulturutvalet , Stryn kommune vil understreke følgjande:

1. Det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med Menneskerettserklæringa
2. Det kan sjå ut som departementet sitt forslag går unødig langt i høve domen i å redusere kristendomen sin plass i faget.
3. Skule- og kulturutvalet meiner at lov og forskrifter om faget bør innehalde formuleringar som gjer at kristendomen som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra framleis skal ha ei viktig stilling i undervisninga.
4. I høve domen (EMD) er det uproblematisk å gje ei grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet mest.
5. Viss departementet sitt forslag til endring går gjennom, kan det føre til eit sterkare press for å opprette nye alternative skular der kristendom får meir plass. Det kan vere uheldig på små stader med lågt elevgrunnlag.

- Framlegg frå repr. Ingolf Folven (Sp):

Skule- og kulturutvalet i Stryn sluttar seg til departementet sitt framlegg til endringar. Kristendomen si særstilling i det norske samfunnet er ivareteken gjennom lovverket og læreplanar i faget.

SK-003/08 Vedtak:

Framlegget frå repr. Jon Olav Kvamme vart vedteke med 5 røyster, madan 2 røysta for framlegget til repr. Ingolf Folven

Sign.

Arne B. Berge
- sekr.-

Utskrift sendt til:

postmottak@kd.dep.no